



av

## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Sykkylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Dato: 08.08.2023  
Vår ref: 23/03363-3  
Deres ref: 22/1629 - 52 / NJEHOF

### Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av arealdel til kommuneplan for Sykkylven kommune 2023 - 2029

#### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

#### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 19. juni 2023.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

#### Om planen

Sykkylven har sendt kommuneplanen sin arealdel for 2023-2029 ut til høyring og offentleg ettersyn. Planen skal legge til rette for lokal utvikling og ivareta nasjonale målsettingar. Planarbeidet skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, statlege planretningslinjer og nasjonale rettleiarar.

Arealdelen tar òg utgangspunkt i samfunnsdelen som vart vedteke i 2023. Planen har berekraft som gjennomgåande verdi, med følgjande prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping og arbeidsplassar
- Tenestekvalitet
- Busetting
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

#### Fråsegn frå DMF

DMF fekk ikkje varsel om oppstart av kommuneplanen, og har dermed ikkje gitt fråsegn tidlegare i planprosessen. Vi kan heller ikkje sjå å ha hatt samfunnsdelen eller planstrategien på høyring. DMF som sektormyndigheit skal varslast og høyrast i kommuneplanprosessar i tråd med plan- og bygningslova § 11-12, § 11-13 og § 11-14. Generelt er det viktig at DMF blir varsla slik at medverknad i planarbeid sikrast i tråd med plan- og bygningslova § 3-2. Vi skal òg høyrast i samband med reguleringsplanprosessar og søknadar om dispensasjon som rører ved kjende mineralske førekomstar og eksisterande masseuttak, og ved planar om nye masseuttak.

#### Råstoffutvinning



Planomtalen gjer ikkje greie for råstoffutvinninga i kommunen. Det bør bli gjort nærmare greie for eksisterande uttak og korleis dei dekker opp om behovet for byggeråstoff i kommunen. I Noregs nye mineralstrategi<sup>1</sup> er det eit ønske frå regjeringa at det må bli større fokus på gjenbruk av overskotsmassar, og betre ressursutnytting ved uttak av jomfruelege massar. De vil seie at det i større grad enn tidlegare blir viktig å dokumentere behovet for uttak av nye massar framfor gjenbruk. Ettersom at arealdelen skal ta utgangspunkt i nasjonale føringar og forventningar, oppmodar DMF til å sjå til mineralstrategien for å legge føringar for korleis kommunen ønskjer å planlegge for råstoffutvinning og bruk av overskotsmassar i framtida.

I DMF sitt uttaksregister, er det 3 registrerte uttak som har rapportert om drift dei siste åra, Huna massetak i Hundeidvik, Andestad pukverk og Riksheim<sup>2</sup>. DMF har og ei levetidsanalyse for byggeråstoff som viser at Sykkylven har god tilgang på både lausmassar og fast fjell i lang tid framover<sup>3</sup>. Analysen er basert på driftsrapportering frå utaka som er i drift. Dette kan vere relevant informasjon å vise til i ei utgreiing av råstoffutvinning i planen.

DMF ser av plankartet at alle masseuttaka i drift er sett av til råstoffutvinning. Plankartet viser 6 område for noverande råstoffutvinning, der 3 av desse er delområde som inngår i same planområde for Huna massetak i Hundeidvik. DMF er kjent med reguleringsplanprosessen ved Hundeidvik, der vi tidlegare har gitt fråsegn til utviding av uttaksområdet.

#### Merknader til konsekvensutgreiing

DMF har gått igjennom dei enkelte innspela i konsekvensutgreiinga. Mineralressursar er utgreidd som tema, og det er berre eit innspelsområde som rører ved kjente mineralressursar. Område *BU2 Velledalen* rører ved ein grusførekomst registrert av NGU utan betydning. Det visast til NGU si vurdering om at området er rekna som lite eigna for uttak på grunn av stor grad av bustadutbygging og jordbruk.

*Område BU3 Hundeidvik* ligg i nærleiken av grusførekomsten Hundeidvik som har regional betydning, og drift i masseuttaket Huna. Kommunen vurderer at området ligg utanfor registrerte grusressursar, og at konsekvensen dermed er liten.

#### Merknader til plankart og føresegner

Det er lagt inn eigne føresegner for omsynssone H590 for mogleg drivverdige råstoffressursar. Samtidig er det òg lagt inn føresegn for omsynssone H190 som og skal gjelde for mineralressursar. Dette er og nemnd i planomtalen. På plankartet er det berre sone H190 som er merka av. DMF presiserer at det er H590 etter plan og bygningsloven § 11-8 c)<sup>4</sup> som er den riktige koden for omsyn til mineralressursar, og at det ikkje er naudsynt å ha to ulike omsynssoner for mineral. Dette er nærmare spesifisert under punkt 4.6.4 i rettleiaren for kommuneplanen sin arealdel<sup>5</sup>. Vi

---

<sup>1</sup> Noregs mineralstrategi (Regjeringa):

<https://www.regjeringen.no/contentassets/1614eb7b10cd4a7cb58fa6245159a547/no/pdfs/norges-mineralstrategi.pdf>

<sup>2</sup> DMF kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>

<sup>3</sup> DMF levetidsanalyse: <https://dirmin.no/tema/ressursforvaltning/levetidskart-byggerastoff>

<sup>4</sup> PBL: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/plan-og-bygningsloven/id570450/>



oppmodar dermed om at plandokumenta blir endra slik at omsyn til mineralressursar berre synast som H590.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:

Sykkylven kommune                      Kyrkjevegen 62                      6230 SYKKYLVEN

Kopi til:

Statsforvalteren i Møre og              Postboks 2520                      6404 MOLDE  
Romsdal

---

<sup>5</sup> Rettleiar kommuneplanen sin arealdel:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/ffa528405f53438cae326c321eb6042e/no/pdfs/h-2481-b-kommuneplanens-arealdel.pdf>



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

**Vår dato:** 24.08.2023

**Vår ref.:** 202219289-6 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 22/1629 - 52 / NJEHOF

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVE fremjar motsegn til kommuneplanen sin arealdel for Sykkylven kommune**

Vi viser til brev frå Sykkylven kommune datert 19.06.2023. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2023 for Sykkylven kommune.

**NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er knytt til:**

- manglande avklaring av reell fare på siste plannivå.
- manglande og motstridande dokumentasjon på aktsemdsområde for skred i bratt terreng.
- manglande omsyn til fare for flaum og erosjon.
- manglande omsyn til vassdragsmiljø.
- manglande omsyn til energianlegg.

**Dei konkrete motsegnspunkta kjem fram av merknadane nedanfor. Dersom kommunen rettar opp planen slik vi rår til, fell grunnlaget for motsegna bort.**

Motsegna er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

NVE har og andre merknader til planframlegget som det ikkje er knytt motsegn til. Vi oppmodar kommunen til å ta omsyn til desse merknadane ved vidare handsaming av planen.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd



og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

## **Om planframlegget**

Planframlegget omfattar heile arealet i kommunen med unntak av planområda til tre kommunedelplanar. Eit av føremåla med planarbeidet er å harmonisere plandokumenta for heile kommunen. NVE ga innspel til planarbeidet i brev datert 23.11.2022.

### *Generelt om handtering av naturfare i planar*

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.*»

Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Førstnemnde areal er å sjå på som friskmelde. Sistnemnde er å sjå på som fareområde.

På kommuneplannivå rår NVE til at areal som ikkje kan friskmeldast med omsyn på naturfare blir markert med omsynssone H310/H320. Særleg legg vi vekt på at dette blir gjort i område der planen legg til rette for bygging. For område der det ikkje er avklara reell fare, må kommuneplanen setje krav om reguleringsplan for å følgje krava i [KMD H5/18](#).

### *ROS-analysen*

Slik vi les ROS-analysen som ligg ved planframlegget, er det kommunen si heilskaplege ROS-analyse som er brukt, og ikkje ein ROS-analyse for tiltaka som planen opnar for. For dei enkelte byggeområda er det gjort ROS-vurderingar i konsekvensutgreiinga (KU).

I vurderingane av samfunnstryggleiken i KU manglar mellom anna tema knytt til grunnforhold for store delar av kommunen, sjå vår merknad under grunnforhold nedanfor. NVE rår til at de går grundig gjennom grunnlagsmaterialet, og oppdater vurderingane for framtidige utbyggingsområde.

På generelt grunnlag rår NVE frå å bygge ut i område som krev sikring for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Det fører til trong for ettersyn og vedlikehald over lang tid, og både kostnader og ansvar kan vere utfordrande å følgje opp.

Vi vil m.a. peike på føreslege utbyggingsområde BU1 der det er dokumentert trong for sikring mot kartlagt skredfare. **NVE rår kommunen til å vurdere alle nye**



## **utbyggingsområde med omsyn til mogeleg og reell fare, og sikre at reell fare er avklara på siste plannivå.**

### *LNFR-område med spreidd utbygging*

Kommunen har føreslege vidareføring og nye område for spreidd utbygging i LNFR-områda. I KU er det gjort enkle vurderingar av samfunnstryggleiken av dei områda som er nye i planframlegget. Jamfør vår merknad til ROS-analysen ovanfor er ikkje alle forhold knytt til samfunnstryggleik tilstrekkeleg vurdert.

Så langt vi kan sjå er alle nye område for spreidd utbygging innanfor mogeleg fareområde, utan at det er sett plankrav til områda før utbygging. I framlegg til føresegner § 5.1 punkt 8 er det sett krav til avstand frå gjennomsnittleg flaumvasstand, medan det i punkt 12 er sett krav til avklaring av akseptabel tryggleik ved frådeling i potensielle fareområde. Vi gjer merksam på at slik praksis er i strid med [KMD H5/18](#) fordi reell fare ikkje er avklara på siste plannivå. Vi viser også til rettleiaren [Planlegging for spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder \(LNFR-områder\) - regjeringen.no](#) der dette også er presisert. **NVE har motsegn til planen inntil det er sett krav om detaljregulering eller at reell fare er avklara på siste plannivå (for nye område med spreidd utbygging).**

### *Bruk av omsynssone H910 - Vidareføring av reguleringsplanar*

I framlegg til plankart er det regulert omsynssone detaljering H910 for ein del planar. I framlegg til føresegner står at ny kommunedelplan skal gjelde før eldre reguleringsplanar, og at reguleringsplanar vedteke etter kommunedelplanen vil gjelde før denne. Bruken av omsynssona er ikkje omtala i planomtalen utover opplisting av omsynssoner i kap. 7.

Bruken av H910 er streng. Ei omsynssone med føresegner for handtering av naturfare vil ikkje vere gyldig innanfor H910. I rettleiaren til kommuneplanen sin arealdel (s.158) står det at dersom denne omsynssona vert nytta kan ein ikkje gi føresegner i kommuneplanen sin arealdel for det arealet som er omfatta av sona som endrar innhaldet i gjeldande reguleringsplan. Sidan bruken av omsynssone H910 hindrar kommuneplanen sin arealdel i å få verknad på arealbruken innanfor dei aktuelle reguleringane, så betyr det at viktige nye føringar og omsyn ikkje blir gjeldande.

Med bakgrunn i manglande omtale for bruk av omsynssona, og formuleringa i føresegnene, er vi usikre på korleis kommunen har tenkt bruken. **NVE ber kommunen om å klargjere bruken av omsynssona i kommuneplanen sin arealdel. Vi tek atterhald om motsegn til bruk av omsynssone H910 inntil kommunen har klargjort bruken.**

## **Naturfare**

### *Skredfare i bratt terreng*



I planframlegget står det at kommunen har nytta aktsemdkart for snøskred og steinsprang (NGI) og aktsemdkartet for jord- og flaumskred som omsynssone skredfare. Desse aktsemdkarta er i framlegg til føresegner gitt omsynssone H310\_3 og H310\_4. I teiknforklaringa til plankartet står det at omsynssone H310\_4 viser aktsemdområde for marin leire. I framlegg til føresegner er omsynssone H310\_2 definert som aktsemdsone for områdeskred. Så langt vi kan sjå er ikkje omsynssone H310\_2 med i framlegg til plankart.

Det er manglande samsvar mellom plankart, føresegner og eventuelle andre plandokument som må rettast opp. Fråvær av aktsemdområde for jord- og flaumskred i plankartet er ein mangel som er grunnlag for motsegn frå NVE.

NVE publiserte i juni 2023 nye aktsemdkart for snøskred, og aktsemdkartet for snøskred og steinsprang (NGI) vert ikkje lenger rådd til å bruke. Det er no tilgjengeleg landsdekkande aktsemdkart for jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred som vi rår til vert lagt til grunn for nye planar. Med dei nye aktsemdkarta for snøskred er det mogleg å «friskmelde» aktsemdområde utan fagleg vurdering, avhengig av kva tryggleiksklasse som er relevant og kva omsyn det vert gjort i høve til sikring av skogen sin effekt.

Grunnlaget for dei nye aktsemdkarta er ikkje tilgjengeleg for nedlasting enno, men NVE kan gi kommunen dei naudsynte data for ei samla omsynssone som omfattar alle skredtypene.

NVE har konkrete råd for ordlyden i føresegnene til ei slik omsynssone;

*Omsynssone H310\_X viser aktsemdområde for skred bratt terreng. Grunnlaget for sona er aktsemdkart for snøskred S3 2023, aktsemdkart for steinsprang, og aktsemdkart for jord- og flaumskred. I alle plan- og byggesaker skal tryggleik mot skred vurderast i samsvar med gjeldande rettleiing til NVE.*

NVE rår til at plandokumenta blir oppdatert med nye aktsemdkart før slutthandsaming av planen. NVE vil gi kommunen naudsynt grunnlag med datasett som grunnlag for å regulere ny omsynssone.

Manglande samsvar mellom føresegner og plankart, samt manglande omsyn til aktsemdkartet for jord- og flaumskred, er vesentlege manglar ved planframlegget og må rettast opp. NVE rår også til at grunnlaget for aktsemdområda for skred i bratt terreng vert oppdatert med nytt aktsemdkart for snøskred. **NVE har motsegn til planframlegget inntil det er tatt omsyn til aktsemdkart for jord- og flaumskred, og manglande samsvar mellom plankart og føresegner er retta opp.**

I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for utvalde område i Sykkylven kommune, jf. [NVE rapport 34/2015](#) og faresonekart på [NVE Atlas](#). I planframlegg skal fareområda vere regulert med omsynssone H310\_1\_100, H310\_1\_1000 og H310\_1\_5000 med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med



krava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 før utbygging. Så langt vi kan sjå er omsynssone H310\_1\_5000 ikkje med i plankart med teiknforklaring. NVE rår til at plankartet også viser omsynssone H310\_1\_5000, men er elles nøgd med måten fareområda er tatt omsyn til i planframlegget.

### *Fare for flaum og erosjon*

I planomtalen og framlegg til føresegner står det at NVE sine aktsemdkart for flaum er lagt til grunn for omsynssone flaumfare H320\_2 i plankartet. Vi kan ikkje sjå at slik omsynssone er med i framlegg til plankart. Det er ein mangel ved planframlegget som må rettast opp.

I framlegg til føresegner 2.1.6 er det fastsett byggegrenser mot vassdrag på 20 m på kvar side. Det er litt uklart, men slik vi les planomtalen er byggegrensa sett til 20 m for å sikre omsyn til natur, kultur og friluftsiinteresser (allmenne interesser i vassdrag). I føresegna er det også formuleringar knytt til flaum og erosjon, og samla sett manglar planframlegget eintydige føringar på korleis det vert tatt omsyn til slik fare.

I plankartet rår vi til at aktsemdkartet for flaum blir lagt til grunn for omsynssone flaumfare H320, dersom det ikkje er gjort meir konkrete vurderingar av flaumfaren. For mindre elvar og bekkar som ikkje vert fanga opp av aktsemdkartet for flaum, kan det setjast byggegrensa på 20 m til kvar side der det er krav om konkrete vurderingar.

Planframlegget må vere tydeleg på krava som gjeld i høve til fare for flaum og erosjon, og at aktsemdkartet for flaum vert lagt til grunn dersom det ikkje er gjort andre konkrete vurderingar. **NVE har motsegn til planframlegget med grunngeving i manglande omsyn til fare for flaum og erosjon.**

### *Grunnforhold*

I regi av NVE er det gjennomført oversiktskartlegging av fare for store kvikkleireskred i Sykkylven kommune. NVE rapport [66/2019](#) er tilgjengeleg på nettsida til NVE. Resultat frå kartlegginga er tilgjengeleg i ei eiga [kartløyising](#) i tillegg til at omriss av kartleggingsområdet er vist i [NVE Atlas](#).

Store delar av dei kartlagde områda ligg innanfor kommunedelplanane for sentrum/Ikornnes og Straumegjerde som ikkje er ein del av planframlegget. Slik vi les framlegg til plankart er aktsemdområde for områdeskred frå oversiktskartlegginga vist med omsynssone skredfare H310\_4, medan tilhøyrande føresegn er gitt nemninga H310\_2. Det er eit avvik som må rettast.

Planframlegget har ikkje tatt omsyn til aktsemdområde for marin leire i områda som ikkje er kartlagt i oversiktskartlegginga, jf. aktsemdkart på [NVE Atlas](#). Også i risiko- og sårbaranalysen (ROS) manglar det vurdering av områda utanfor areala som er kartlagt i oversiktskartlegginga. Areal som er tatt med i NVE si oversiktskartlegging er dei som er vurdert med størst potensiale for kvikkleire i kommunen. Kartlegginga friskmelder likevel ikkje områda i resten av kommunen, og kommuneplanen må ta omsyn til potensiell fare i





heile kommunen. NVE kan gi dykk datasettet som er grunnlaget for aktsemdkartet for marin leire, slik at det kan innarbeidast som omsynssone i plankartet.

Samla sett finn vi at det er vesentlege manglar for korleis planframlegget løyser omsynet til potensiale for områdeskred av kvikkleire. **NVE har motsegn til planframlegget inntil det er gjort endringar som svarar for våre merknader ovanfor.**

Vi gjer også merksam på at utbygging og inngrep i strandsona må vurderast særskilt i høve til fare for utgliding. NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kapittel 2.8 skriv om aktsemd i strandsona. Vi oppmodar kommunen om å sikra at det vert gjort vurderingar av skredfare i alle plan- og byggesaker der det er planlagt inngrep eller utfylling i strandsona

#### *Fjellskred og fare for flodbølge som sekundær verknad av fjellskred*

Store delar av Sykkylven er vurdert som utsett for fare for oppskylling av flodbølge som konsekvens av fjellskred i Åkneset, jf. [NGI rapport 20151018-00-1-r](#) sist revidert 21.02.2011. I framlegg til plankart er fare for flodbølge vist med omsynssone skredfare H310\_5, med tilhøyrande føresegn som set krav til at tryggleik for eventuelle tiltak skal dokumenterast i samsvar med krava i TEK17.

Det kjem ikkje tydeleg fram kva sannsyn for skred omsynssona viser, men vi føreset at den viser fare med sannsyn større enn 1/1000 og mindre enn 1/5000. Dette er opplysningar som bør komme fram av plandokumenta. Vi les elles at planen ikkje legg opp til utbygging som ikkje kan oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Vi gjer merksam på at for eventuelle utbyggingsareal som ikkje har eller kan få tilstrekkeleg tryggleik etter TEK17 § 7-3, må planen sette krav til avklaring etter TEK17 § 7-4 før eventuell utbygging.

#### *Overvatn*

Plandokumenta har så langt vi kan sjå ingen reelle vurderingar for korleis kommunen skal sikre trygg handtering av overvatn byggeområda. I ROS-analysen er det nemnd i samband med klimaendringar, men det er ikkje følgt opp i dei reelle vurderingane.

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda.

Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegart, flaumsituasjon i vassdrag og avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnett, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.



Vi viser ellers til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar.

## Vassdrag

I framlegg til plankart er vatn med ein viss storleik regulert med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* og underføremål *Friluftsområde*. Så langt vi kan sjå er det ikkje brukt same arealføremål på elvestrekningar med ein viss storleik. I framlegg til føresegner § 6 tilhøyrande arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* er det berre fastsett at sjøareala skal vere til allmenn bruk og at det ikkje er opna for akvakultur i området.

Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. NVE rår til at alle vassdrag og vatn som er vist med flate i kartgrunnlaget (Statens kartverk) skal regulerast med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, med tilhøyrande føresegner. Eksempelvis bør tilhøyrande føresegner setje krav til kantvegetasjon og byggegrense langs vassdrag for å sikre omsyn til vassdragsmiljøet.

Sjølv om det i framlegg til føresegner § 2.1.6 er fastsett byggegrense mot vassdrag, oppfattar vi at omsynet desse krava er sett for ikkje kjem eintydig fram. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser i vassdrag er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleiksomsyn. Kommunen bør vurdere om byggegrense knytt til flaumfare også er tilstrekkeleg for å sikre vassdragsmiljøet, og om forbodsbeltet kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter.

Planframlegget manglar viktige vurderingar i høve til fastsetjing av byggegrenser langs vassdrag og framstilling av vassdraga i plandokumenta. Vi rår til at alle vassdrag og vatn som er vist med flate i kartgrunnlaget (Statens kartverk) vert regulert med arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag* og tilhøyrande føresegner. **NVE fremjar motsegn til arealdelen inntil det er betre dokumentert kva som er grunnlag for fastsetjing av byggegrenser langs vassdrag, og at vassdraga kjem tydeleg fram av plankartet med eige arealføremål.**

## Vassdrags- og energianlegg

Gjennom kommunen er det fleire overføringsleidningar for elektrisk kraft og transformatorstasjonar som er ein del av nasjonal- og regionalnettet og regulert gjennom energilova. Desse anlegga er unnateke handsaming etter pbl, og skal visast med omsynssone *H740 Bandlegging etter anna lovverk* i plankartet.

Sjølv om omsynssone H740 er vist i både føresegner og teiknforklaringa til plankartet, kan vi ikkje sjå at dei aktuelle kraftleidningane og transformatorstasjonane er vist med same



omsynssone i plankartet. **NVE har motsegn til planen inntil det er synleggjort at vassdrags- og energianlegg som har konsesjon etter energilova er regulert med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*.**

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

Dersom Sykkylven kommune har spørsmål, ynskjer å drøfte, eller få utdjupa våre merknader står vi gjerne til teneste og kan stille på møte.

### **Prosesen vidare**

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort. Har de spørsmål til motsegna eller til andre faglege råd i dette brevet ber vi om at de tek kontakt.

Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor. Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL



**Kopimottakarar:**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
SYKKYLVEN KOMMUNE



## Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
22/237309-8

Dykkar referanse:  
22/1629 – 52 /  
NJEHOF

Vår dato:  
31.08.2023

### Uttale til kommuneplanens arealdel 2023 – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 19.06.2023.

#### Saka gjeld

Sykkylven kommune har sendt på høring eit forslag til rullering av kommuneplanens arealdel

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

#### Vår vurdering

Det er ikkje lagt ut mange nye områder i denne rulleringa av kommuneplanen. Våre innspel til varsel om oppstart er i store trekk følgd opp, men vi har likevel nokre merknader til enkelte områder og nokre av føresegnene.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

## – Utbyggingsområde

### BU1 Velledalen

Arealet er lite, men vil likevel fortette randbusetnaden langs fv. 60. Det er ikkje er lagt til rette for mjuke trafikantar langs eller over fv.60 slik at utbygging her vil auke ferdsel langs og på tvers av fylkesvegen. Med omsyn til trafikktryggleiken vurderer vi dette som ei uheldig plassering av nye bustadtomter. Konsekvensutgreiinga viser også at plasseringa gjer bebuarar i området avhengig av bil til alle daglege gjeremål.

Arealet ligg også tett inn mot fv. 60. Dette fører til ulemper frå vegtrafikken med omsyn til støy og støv.

Med bakgrunn i vårt sektoransvar rår vi på det sterkaste til å ta dette arealet ut frå kommuneplanen.

### BU3 Huddevik

Bustadformålet ligg på begge sider av fv. 5914. Sjølv om dette er ein fylkesveg med lite trafikk og lav fart, må ein vere varsam med å legge opp til ein tosidig busetnad da dette kan by på utfordringar med tanke på både miljømessige forhold og trafikktryggleik. Da dette også er nært ferjekaia, kan trafikantane ha ein noko meir stressa åtferd. Det er da særleg viktig at ein legg opp til løysingar med godt synlege løysingar for mjuke trafikantar.

Nærleiken til skole gjer at ein også må sikre ei løysing for mjuke trafikantar som knytt delen aust for fv. 5914 utan at ein må krysse vegen. Eksisterande gang- og sykkelveg vil vere unaturleg for denne delen å bruke da det blir en stor omveg. Ein trase for gang- og sykkelveg bør teiknast inn i plankartet slik at ein får avklare landbruksinteressene. Den bør leggst slik at den også kan tene SB12.

For å få ei meir heilskapleg utvikling, må det stillast krav om at heile området BU3 må planleggast i ei felles reguleringsplan, herunder løysingar for mjuke trafikantar. Nødvendige tiltak for å sikre trygge vegløysingar og trygg ferdsel for mjuke trafikantar sikrast gjennom rekkefølgekrav. Vi kjem inn på dette også under vår merknad til føresegn § 2.1.4.

## **Føresegner**

### Føresegn §2.1.4

I føresegn § 2.1.4 går det fram at *«I område som er sett av til byggeformål kan utbygging ikkje skje før godkjente tekniske anlegg (køyreveg, gang- og sykkelveg, avløp, kraft- og vassforsyning) er etablert og samfunnstenester (barnehage og skule) er dekt i tilstrekkeleg grad.»* I denne føresegna ser vi det som viktig å presisere kva det inneber at godkjent køyreveg og gang- og sykkelveg skal vere etablert. Etter vår vurdering må ein gjennom ein reguleringsplanprosess utgreie og avdekke kva for tiltak ny utbygging utløyser. Det må det sikrast steg for steg at nye utbyggingsområde til ei kvar tid er kopla til ei heilskapleg løysing for dagleg kommunikasjon (skule, butikk, busslommer, anna busetnad mv.) som områda soknar til.

### Føresegn § 5 punkt 6)

I føresegn § 5 LNF-spreidd utbygging (bustad, næring, fritid) punkt 6) går det fram at «*Ved avkøyning direkte frå fylkesveg skal eksisterande avkøyrslar nyttast. Det skal ligge føre løyve til avkøyrslar jfr. veglova § 40.*

*For kommunal veg skal det ligge føre avkøyrsløyve frå kommunal vegmynde.*

*For køyring på privat veg skal det ligge føre skriftleg vegrett frå heimelshavar (-ar) til vegen.»*

Ut frå ordlyden i veglova § 40 skal avkøyrslar i utgangspunktet løysast ved plan etter plan- og bygningslova. Dersom dette ikkje er løyst i plan eller det ikkje føreligg plan, skal dette avgjerast av vegmyndigheitene. Behandlinga av avkøyrslssaker er slik sikra gjennom vegloven § 40, og føresegna i kommuneplanen burde heller vere ei opplysende retningslinje om dette. Dette på same måte som føresegn § 3 om vegmyndigheitene si haldning i behandlinga som er gitt i rammeplanen.

#### Føresegn § 5 punkt 7)

I føresegn § 5 LNF-spreidd utbygging (bustad, næring, fritid) punkt 7) går det fram at «*Frådeling skal berre skje i samsvar med veglova (§ 29) sine krav til byggegrense til offentleg veg: 50 m til fylkesveg, 15 m til kommuneveg og 15 m til gang- og sykkelvegar. Alle avstandar målt frå midtline veg.»*

For det første vil denne føresegna stille andre krav for nokre av fylkesvegstrekingane enn den differensierte byggegrensa som er vedtatt av fylkeskommunen. Kommuneplanen vil da gjelde framfor rammeplanen som er vedtatt med heimel i veglova, jf. veglova § 29, første ledd.

Vi er også noko usikker på kva som er meint med denne føresegna. Slik ordlyden kan tolkast, er det ikkje lov å opprette nye eigedomar nærare offentlege vegar enn dei generelle avstandskrava i veglova. Vi går ut i frå at dette ikkje er intensjonen, og ber om at ein vurderer formuleringa nærare.

#### **Konklusjon**

Vi viser til våre merknader over og ber om at dette blir vurdert nærare i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Transportforvaltning midt  
Med helsing

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Likelydande brev sendt til

SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN

SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Sykkylven kommune  
Rådhuset, Kyrkjevegen 62  
6230 Sykkylven

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
22/1629 - 52 / NJEHOF	19.06.2023	76871/2023/KOMMUNEPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	29.08.2023

## Sykkylven kommune - kommuneplan - arealdelen 2023-2029 - fråsegn ved offentleg ettersyn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Møre og Romsdal fylkeskommune har mottatt framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Sykkylven kommune til offentleg ettersyn.

Vårt ansvarsområde som regional planmynde er knytt til fagområda i saksutgreiinga nedanfor. Ved ein gjennomgang av planmaterialet har vi funne fram og kommentert enkelte punkt som vi meiner bør bli betre, utviklast vidare eller endrast, men i det store og heile vurderer vi forslaget å vere eit godt og grundig planfagleg arbeid.

### MERKNADER TIL KONSEKVENSGREIINGA

#### Planfaglege merknader

Konsekvensutgreiinga er godt utforma og gjennomført, og kommunen har gjort gode vurderingar kring byggeområda. Oppsettet er intuitivt og lettlest, og det er tydeleg kva vurdering som ligg til grunn for å akseptere eller avslå utlegging av nye byggeområde for perioden. Dette er med på å konkretisere kva omsyn som ligg bak plana, og vil kunne nyttast aktivt ved seinare ønskje om regulering i strid med kommuneplan.

### **Automatisk freda kulturminne**

Sjølv om det ikkje er registrerte kulturminne innanfor planforslag kan det likevel vere potensiale for funn av ukjente automatisk freda kulturminne. Dette må difor kome fram i utredninga. Vi gjer merksam på at alt som inneber noko utbygging, skal likevel vurderast opp mot kulturminne og – miljø. Det bør dermed klargjerast at det kan bli stilt krav til arkeologisk registrering innanfor område som ikkje har registrerte kulturminne frå før, fordi det kan vere potensiale for nye ukjente automatisk freda kulturminne.

### **Friluftsliv**

Som kommunen sjølv skriv er arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårar ikkje ferdig. Kommunen har heller ikkje kartlagt og verdsett sin friluftslivsområder etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-98. Kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga er derfor avgrensa.

I konsekvensutgreiinga for friluftslivet rår vi til at Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutgreiingar for klima og miljø (M-1941) vert nytta. Her vert det lagt opp til at areala kan ha ulik funksjon eller karakter for friluftslivet. Rettleiaren skisserer 11 ulike områdetypar. Rettleiaren legg også opp til at det vert satt ein verdi på dei ulike områda ut frå bruksfrekvens, kvalitet og funksjon. Sett i lys av dette er kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for konsekvensutgreiinga tynnt. Det er ikkje gjort vurderingar av kva for områdetypar som byggast ned og kva for friluftslivsverdi dei har. Kommunen har slik sett liten oversikt over om det er mangel, eller god tilgang på den områdetypen som planleggast nedbygd.

## **MERKNADER TIL PLANFORSLAGET**

### **Planfaglege merknader**

Kommuneplanen sin samfunnsdel, med oppdatert kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde, samt rammer og føringar som er nedfelt i oppdatert kommunal planstrategi, har blitt lagt til grunn for arealdelen, og det gjer at ein enda betre kan gjere gode vurderingar når ein utarbeider arealdelen.

Overordna mål som er nedfelt i samfunnsplan for Sykkylven:

- berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.
- eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar.
- eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggerane.
- levere tenester av god kvalitet tilpassa innbyggerane sine behov og innanfor berekraftige økonomiske rammer.
- ein attraktiv kommune å bu i

Dei prioriterte områda i samfunnsdelen er verdiskaping og arbeidsplassar, tenestekvalitet, busetting, livskvalitet, likeverd og mangfald.

Desse overordna måla og prioriterte områda i samfunnsdelen kan ein sjå att i forslaget til arealdel gjennom at kommunen ønskjer å legge til rette for eit variert bustadtilbod og ulike næringstiltak. Men, fleire av områda som er foreslått gjort om frå LNF formål til spreidd busetnad vil kunne gå ut over ambisjonane om jordvern og arealbruk i kommuneplanen sin samfunnsdel, og regionale og nasjonale målsetnader.

Områda ligg kring etablerte bumiljø, og vi kan ha forståing for at Sykkylven finn det hensiktsmessig å endre til det arealformål som er føreslått i oversendinga.

Men, kommunen bør vurdere om det til dømes er nokre funksjonar som gjer det ueigna å legge ut som bustadområde - funksjonar som heller gjer det tenleg å tenke fortetting. Erfaring syner at det er i slike område ein oftast får dispensasjonssøknader.

Slik planen ligg føre vil det no vere gode grunnar til å avvise dispensasjonar for bygging av bustader utanfor planområda i kommuneplanen, noko vi ser på som positivt.

Pbl. § 11-8 definerer kva for omsynssoner som kan fastsettest i arealplanen, og kva bestemmingar og retningsliner som kan bli gitt. I plankartet i oversendinga kjem det ikkje fram kva reguleringsplanar som skal gjelde uendra i kommuneplanens arealdel av plankartet. Slik vi har oppfatta det så skal kommunedelplan for sentrum/Ikornes og Straumgjærde fortsett gjelde, kommunedelplan for Nysetra er under utarbeiding, og desse må difor merkast med omsynssone H910. Om reguleringsplanar ikkje er vist med H910, så skal kommuneplanen gjelde føre.

### **Samfunns- og næringsutvikling**

Framlegget til plan drøftar årsakene til folketalsutviklinga i Sykkylven og ønskjer å demme opp for stagnerande folketal gjennom å legge til rette for fleire spreidde bustadtomter og mellom anna fortsette å arbeide med tettstadattraktivitet med ein tanke om at tettstadene treng aktive og levedyktige krinsar.

Sykkylven kommune er ikkje åleine om å ha ei slik utvikling. Fylkesstatistikken for 2022 syner at Møre og Romsdal hadde ein auke på 0,1 prosent i folketalet frå 2021 til 2022. Heile 18 av dei 26 kommunane i fylket hadde folketalsnedgang i denne perioden. Nedgang i fødselsoverskott og redusert netto innvandring er viktige årsaker til nedgang i folketalet.

Dei framskrivingane SSB har gjort av folketalet, viser at det innan få år blir vesentlege endringar i befolkningssamansettinga i kommunane. Som Sykkylven sjølv også nemner, så vil fleire eldre og færre barn og unge påverke tenesteproduksjonen i mange kommunar i Møre og Romsdal. Å legge til rette for bustadtomter er ikkje ein strategi som isolert sett fører til auka tilflytting. Ein viss bustadreserve er sjølv sagt nødvendig, men vi rår til at det bør vere eit samsvar mellom prognosar for vekst og omfang av bustadareal.

### **Samferdsel**

#### Arealbruk

Det er lagt fram forslag om bustadtomter i områder som ikkje har tilknytning til landbruket og som har lang veg til skule, butikkar og andre viktige funksjonar. Vi gjer merksam på at denne typen utbygging er å sjå på som "randbusetnad" langs hovudvegane og kan medføre reduksjon av trafikktryggleik og vegen sine transportmessige funksjonar. Randbusetnad legg også aktivt opp til meir bilbasert transport, framfor grønare alternativ som gåing og sykling. Møre og Romsdal fylkeskommune rår på generelt grunnlag til å vere svært varsam med å legge til rette for ei slik arealutvikling

#### *Køyretilkomst*

Det er ingen automatikk i at det kan bli etablert nye køyretilkomstar langs fylkesvegnettet for områder som blir avsett til utbygging i kommuneplanens arealdel. Tilkomst til offentleg vegnett må følgeleg bli vurdert i reguleringsplan, eller ved behandling etter veglova.

Bustadareala BU1 og BU3 ligg langs strekningar kor fylkesvegane har haldningsklasse 1 "meget streng" og 2, "streng". I haldningsklasse 1 skal fylkesvegane i prinsippet vere fri for avkøyrslar og i haldningsklasse 2 skal talet på avkøyrslar vere svært avgrensa. Av omsyn til trafikktryggleik og vegen sin funksjon som transportåre vil vi ikkje godkjenne at det blir etablert nye avkøyrslar direkte frå fylkesveg for disse bustadareala. Det må derfor bli stilt krav om at køyretilkomst skal samordnast med eksisterande avkøyrslar. Vi rår også til at det blir stilt krav om samordning av køyretilkomst for bustadarealet BU4.

For nye utbyggingsføremål-/områder som vil gi auking av trafikk innover kommunal veg Kursetvegen, må det bli stilt rekkefølgekrav om at sikt i kryssa til fv. 5914 blir utbetra slik at dei tilfredsstill krava i N100.

Vi gjer merksam på at oppføring av nye naust og frådeling av tomter til naustformål krevjar avkøyrsløyve.

#### *Støy*

Nokon av bustadareala ligg innanfor gul støysone. Kommunen bør allereie no avklare om areala er eigna til bustad og ikkje utsette dette til detaljplanlegginga.

#### *Byggjegrense*

Generell byggjegrense langs fv. 60 er 50 meter. Det er langs denne strekninga illustrert ein gang- og sykkelveg forbi bustadarealet BU1. Kommunen må vurdere om arealet avsett til bustad framleis er tilstrekkeleg, dersom det i framtida blir aktuelt med realisering av ein slik gang- og sykkelveg.

#### *Skuleskyss*

Fleire av dei nye bustadareala ligg under avstandsgrensa for fri skuleskyss. Kommunen bør i disse tilfella gjere ei objektiv vurdering om skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg og om det ut i frå dette vil kunne bli stilt krav om fri skuleskyss.

#### Fylkeskommunens investeringsprogram

Vi gjer merksam på at reguleringsarbeid for Juva bru er i gang og at det derfor ikkje må bli tilrettelagt for arealbruk eller tiltak som er eigna til å komme i konflikt med vår planlegging her.

#### Føresegn

Under føresegn 2.1.3 "Støy" og pkt. 7 "Aktsemdssone støy" må det bli tilføyd at grenseverdiane i T-1442 skal vere tilfredsstillt.

Under føresegn 2.1.3 "Folkehelse/mjuka trafikantar" ber vi om at føresegnet blir endra til å ikkje bere gjere greie for, men også *drøfte* tilgjenge til gang- og sykkelveg og andre folkehelsekonsekvensar av plan. Vi skulle også sett at ein her tilføya at ein må drøfte tilgjenge til kollektivtransport og særskilt tryggleiken langs ved-, og ved kryssing av veg for skuleborn.

#### **Automatisk freda kulturminne**

Alle automatisk freda kulturminne og regionale kulturminne som vart lista opp i førre runde har kome med i plankartet. De har følgt vårt ønskje om å nytte R-runer, men det er ikkje lett å sjå om de også har nytta SOSI-kode H730 på det som er automatisk freda kulturminne i plankartet. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er ikkje tillate utan dispensasjon frå kulturminnelova.

#### Føresegn

Vi finn det riktig å presisere at fornminne som er automatisk freda etter kulturminnelova ikkje er frigjeve sjølv om kommuneplanen legg til rette for annan bruk. Dette gjeld også kulturminne som vil bli registrert ved framtidige registreringar etter kml § 9. Vi tek difor utgangspunkt i at kommuneplanen er ein overordna plan, og at ein del konflikantar kan vere nødvendig å avklare vidare gjennom regulering. Følgjande må innarbeidast i fellesføresegnene:

Vi ber om at desse vert innarbeid i plankarta, med følgjande føresegn:

Omsynssone D (H\_730): «Området inneheld automatisk freda kulturminne. Den naturlege vegetasjonen skal takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det freda kulturminne og dets verneområde eller framkalle fare for at det kan skje, jfr. Kulturminnelova § 3. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

Omsynssone C (H\_570); «Gjeld omsynssone (vernesone) rundt automatisk freda kulturminne. Innanfor området skal den naturlege vegetasjonen takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme verneområde eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

#### Følgjande må innarbeidast i fellesbestemminga:

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og annan utbygging skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast i planomtalen, og det skal visast korleis ein har forsøkt å vise omsyn til desse. Dersom kulturminne eller kulturmiljø blir berørt av tiltaket, eller tiltaket kan virke inn på hittil ukjente automatisk freda kulturminne, skal saken leggjast fram for regional kulturminnemyndigheit (jf. PBL § 11-9, nr. 7 og Kulturminnelova (KML) § 8, 1. og 4. ledd.). Dersom det i samband med gravearbeid blir avdekt automatisk freda kulturminne, eller det viser seg at tiltaket kan virke inn på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og regional kulturminnemyndigheit orienterast for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

#### Regional delplan for kulturminne

Plan- og bygningslova opnar for at verdifulle kulturmiljø og område med særst høgt funnpotensial kan leggjast ut som omsynssone C (sosi-kode H570) i kommuneplanen, med eigne retningslinjer. Ei slik prioritering vil både gi ei tydelegare og meir føreseielege arealplanlegging. Alle kulturminna som er valt ut til regional delplan ligg avmerka i Gislink. Vi ber også om at følgjande retningslinjer blir innarbeida i føresegna:

*I verdifulle kulturmiljø (H570) omkring utvalte automatisk freda kulturminne skal det først ein streng dispensasjonspraksis, og ein må vise omsyn til desse verdiane ved eventuell område- og detaljregulering. Områda har stort potensiale for nye funn, og det er viktig å oppretthalde den visuelle opplevinga av landskapet som grunnlag for kunnskap og opplevelse. Alle tiltak skal sendast til regional kulturminnemyndigheit for uttale, inkludert maskinell hogst og større jordbrukstiltak.*

Ved å påpeike potensielle konflikter og å ta forbehold om eventuelle motsegn på seinare plannivå, sikrar vi vår anledning til å reise motsegn på reguleringsplannivå, jf. plan- og bygningsloven § 5-5 og rundskriv T-2/2004.

#### **Marine kulturminne**

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag.

Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminnelova marinarkeologisk uttalemuseum i samband med alle tiltak som rårar sjøbotnen. Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovas § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag.

Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovas § 14 som inneber at skip og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva Side 8 for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdet potensial for marine kulturminne,

### **Barn og unge**

Barn og unge må ha eit særskild fokus i alle plansaker. Nesten all planlegging verkar inn på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Det er særleg viktig at planprosessar vert lagt opp slik at barn og unge får høve til å delta, at planforslaget er forståeleg for barn og unge og at ein har involvert kommunens barn og unges representant i arbeidet med planen. Vi vil elles vise til rettleiaren «Barn og unge i plan og byggesak», gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2020.

Kommunen kan vurdere om dei vil ha opparbeiding av leikeplass som ein del av rekkefølgebestemmingane.

Barn og unge går, sykklar og brukar kollektivtransport i større grad enn vaksne. Derfor er det spesielt viktig å ta omsyn til barn sine behov i tilrettelegging og utforming av infrastrukturen når om ein vel å legge til rette for meir spreidd bustadbygging. Vi rår til at kommunen arbeider for at barn, ungdom, kollektivreisande og andre grupper som ikkje har egne interesseorganisasjonar eller av andre årsaker treng spesiell tilrettelegging, aktivt kan medverke i planprosessen.

### **KONKLUSJON**

Vi ber om at merknadane ovanfor blir tatt med i sluttbehandlinga av plana.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

#### Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Automatisk freda kulturminne: arkeolog/rådgivar Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75

Friluftsliv: rådgivar Petter Jensen, tlf. 71 28 03 05

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen

NVE



Sykkylven kommune  
Rådhuset, Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## Høring - Kommuneplan - Sykkylven - arealdelen 2023

Planforslag til kommuneplanens arealdel for Sykkylven kommune er sendt til høring og lagt ut til offentlig ettersyn.

Arealdelen omfattar ikkje områda Nysætervatnet, Straumgjerde og sentrum/lkornes, då desse har eigne delplanar. For sjøområda er det starta planprosess med interkommunal sjøområdeplan. Hovudtyngda av utbygginga skjer innafør delplanane nemnt ovafor, og det er få nye byggeareal i denne plana.

### SAMORDNING AV STATLEGE MOTSEGNER

Statsforvaltaren har eit samordningsansvar for statlege motsegner til kommunale planar etter plan og bygningslova. Fråsegn til kommuneplanens arealdel omfattar difor motsegn frå NVE.

Med heimel i plan og bygningslova fremmer vi motsegn til planen på følgende punkt:

#### Statsforvaltaren:

- BU4 av omsyn til landbruksinteresser
- NÆ2 av omsyn til landbruksinteresser
- Føresegnene til LNF spreidd utbygging sikrar ikkje landbruksinteressene tilstrekkeleg
- Manglande vurdering bak fastsett byggegrense 20 meter i strandsona
- Manglande føresegner knytt til spreidd naustbygging
- FT3 av omsyn til strandoneinteresser
- Manglande omsyn til vassdragsmiljø
- ROS-analysen er mangelfull og oppfølging av avdekt risiko- og sårbarheit i ROS-analysen er ikkje tilstrekkeleg

#### NVE:

- Manglande avklaring av reell fare på siste plannivå
- Manglande og motstridande dokumentasjon på aktsemdsområde for skred i bratt terreng
- Manglande omsyn til fare for flaum og erosjon
- Manglande omsyn til vassdragsmiljø





- Manglande omsyn til energianlegg

Heile fråsegna til NVE ligg som vedlegg til brevet.

## Statsforvaltaren sine merknader

### Planfagleg

Vi oppmodar kommunen til å legge planforslag som kjem på høyring i gislink.no. At planforslaga blir lagt her forenkler saksbehandlinga vesentleg.

Det er gjort nokre gode grep i planprosessen. I planforslaget er til dømes 215 dekar dyrkajord ført tilbake frå utbyggingsføremaal til LNF. Vidare er 180 dekar skog og 16 dekar myr ført tilbake til LNF føremål. Det er berekna at plana gir redusert klimagassutslepp samanlikna med gjeldande plan. Plana har heller ikkje lagt ut nokre utbyggingsareal i direkte konflikt med registrert viktig naturmangfald. Dette er vi nøgd med.

Plana har lagt ut ein del utbygging til LNF spreidd. Omfang og lokalisering går nærare fram av føresegnene. Vi tek til etterretning at kommunen ønsker å legge til rette for noko utbygging i område der det ikkje er etablert gang- og sykkelveg. Det er ikkje noko vi vil anbefale, men omfanget er avgrensa og vi vil ikkje gå i mot forslaget.

### Omsynssone H910

Vi saknar ei vurdering om dei reguleringsplanane som framleis skal gjelde oppfyller regionale og nasjonale interesser, jf. plan og bygningslova § 11- 8 pkt. f.

I føresegnene står det at ny kommunedelplan skal gjelde før eldre reguleringsplanar, og at reguleringsplanar vedteke etter kommunedelplanen vil gjelde før denne. Vi er usikre på korleis kommunen har tenkt bruken av omsynssona, og ber om at kommunen klargjer dette.

Vi vil også tilføye at ved bruk av slike omsynssoner bør reguleringsplanar som skal gjelde listast opp i føresegnene, slik at ein slipp å leite dei fram i plankartet.

### Landbruk

Stortinget har vedteke ny nasjonal jordvernstrategi og fylkestinget i Møre og Romsdal har vedteke eit nytt regionalt jordvernmål. Saman med nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, så er bodskapet klart; dyrka mark må nyttast til matproduksjon.

I Stortinget sitt vedtak er målet at berre 2 000 dekar matjord kan byggast ned per år. Dette er ei [innskjerping](#) på 1 000 dekar frå førre nasjonale jordvernmål. [Jordvernstrategien](#) er tydeleg på at jordvern må verte høgt prioritert i kommunane sin arealpolitikk for å nå målsettinga.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom «[Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026](#)» vedteke eit regionalt jordvernmål på 100 dekar i året. Dette er ei halvering av det førre jordvernmålet på 200 dekar. Her går det også fram at ein skal arbeide for arealnøytralitet som prinsipp i arealplanar. Dersom jord eller skog blir bygd ned, så skal det erstattast med nydyrka jord eller skogplanting.

Regjeringa har nyleg presentert [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#). Her går det tydeleg fram at jordvernet er ei nasjonal interesse. Av omsyn til beredskap og matproduksjon, så er det naudsynt å ta vare på jordressursane over heile landet og sikre at



matjord er i drift. Omdisponering av dyrka jord skal reduserast, og arealplanlegginga skal bidra til å nå det nye jordvernmålet.

Ein strengare jordvernpolitikk tilseier at kommunane ved planrevisjonar bør vurdere om areal som tidlegare har vore satt av til føremål som inneber omdisponering av dyrka jord, skal tilbakeførast til LNFR-føremål. Statsforvaltaren er særst godt nøgd med at Sykkylven har gjort ein stor innsats med å gå gjennom førre kommuneplan og ta ut areal som ikkje lengre er like aktuelle. 215 dekar dyrka jord og 180 dekar skog er ført tilbake til LNFR-føremål. Dette er i samsvar med forventningane som landbruks- og matministeren Sandra Borch og tidlegare kommunal- og distriktsminister Bjørn Arild har i sitt [brev](#) til kommunane og fylkeskommunane av 23. mars 2022 om å ta vare på matjord.

Statsforvaltaren vil leggje nasjonale målsettingar, sentrale retningslinjer og regionalt jordvernmål til grunn for vårt arbeid for å bevare matjord i Møre og Romsdal.

### *Motsegn*

#### BU4 Ramstaddalen (BU13 i plankart)

Ei enkelt bustadtomt som i seg sjølv er eit lite inngrep, men konsekvensen for drifta av landbruksarealet kan verte stort. Restarealet blir vanskelegare å drifte maskinelt med moderne utstyr. Det bør vere mogleg å finne bustadtomt innafor LNF-spreidd busetting i området som ikkje har like store negative konsekvensar. Vi har **motsegn** til BU4 (BU13 i plankartet).

#### NÆ2 Riksheim

Som med næringsarealet i Velledalen, så er heller ikkje dette arealet stort, men det ligg på dyrka mark. Statsforvaltaren meiner at etablering av ny næring bør plasserast på område der det er mogleg å utvide utan store interessekonfliktar. Alle utvidingsretningar på dette arealet vil måtte skje på dyrka mark. Vi har **motsegn** til NÆ2 Riksheim. [Garden som ressurs](#) er ein ny rettleiar H-2401, og erstattar rettleiar T-1443 Plan- og bygningslova og Landbruk Pluss frå 2005.

#### Føresegner LNF-spreidd utbygging

Statsforvaltaren rår til at lokaliseringkriterium for LNF spreidd bustad/næring/fritid vert meir presisert for å hindre uheldige konsekvensar for landbruksnæringa og matproduksjon. Blant anna at bygging ikkje skal skje på dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) samt større samanhengande område av dyrkbar jord. Det må fastsettast byggegrense på 30 meter mellom bustad/fritidsbustad og dyrka mark for å redusere miljømessige ulemper som støy,- støv- og luktplager for bebuarar og driftsulemper for bonden. Vi har **motsegn** fram til desse momenta inngår i føresegnene til LNF-spreidd utbygging.

### *Fagleg råd*

#### SB19 Velledalen

Vi støttar landbruksvurderinga om at det er uheldig med etablering av bustadar på dyrkbar jord som kan dyrkast opp for å få større teigar tilpassa moderne landbruksdrift.

#### NA1 Erstad

Eventuell tilkomstveg må ikkje leggest på dyrka mark.

### **Strandsone**

I føresegn 2.1.6 er det fastsett byggegrense mot sjø på 20 meter. Dette er tilsvarande byggegrensa i gjeldande kommuneplan. Vi er ikkje kjent med at kommunen har gjort ei vurdering av om det er grunnlag for å differensiere byggegrense mot sjø. Dette gjeld både i prosessen ved førre



kommuneplan og som grunnlag for denne revisjonen. Det har gått over 10 sida vedtaket av førre kommuneplan, og vi vurderer at ei slik vurdering må ligge til grunn før ei eventuell vidareføring av 20 meter. Vi fremmer **motsegn** inntil dette er gjort, jamfør plan og bygningslova §§ 4-2 og 5-5 og rundskriv T-2/16 punkt

I gjeldande arealdel er det i føresegn punkt 5.3 om *Område for spreidd naustbygging (SN)* fastsett avgrensing for kor mange naust som kan byggast innafor dei ulike delområda. Dette er etter det vi kan sjå ikkje vidareført i nytt planforslag, der til dømes områda for spreidd naustbygging i Hundeidvik er vidareført i plankartet. Vi har **motsegn** inntil det er knytt føresegner som avgrensar naustbygginga i områda avsett til spreidd naustbygging i tilstrekkeleg grad. Vi oppfordrar elles kommunen til å vurdere om nokre av desse areala kan tilbakeførast til LNF, for å sikre meir strandsona til ålmenta i Hundeidvik.

### FT3 Hundeidvik

Arealet er foreslått omdisponert frå *naust spreidd* til *fritids- og turistføremål*. Det er sterkt utbyggingspress langs strandsona i Hundeidvik. I tillegg er det både eksisterande og planlagde bustadområde i bakkant som vil ha glede av tilgang til og kunne opphalde seg i strandsona. I dag er det berre bygd eitt naust innafor dette arealet. Det kan også sjå ut til at det er ei lita strand som kan ha allmenn interesse. Vi fremmer **motsegn** til FT3 Hundeidvik av omsyn til strandsoneinteresser.



Figur 1: FT3 Hundeidvik

### **Natur- og miljøvern**

#### SN3

Det er lagt ut eit område til LNF spreidd næring på Blindheim. Arealet omfattar ein sti som går opp til Borgundkollen. Vi er ikkje kjent med kor viktig dette området er som nærturområde, men registrerer at det går fram av KU at det ikkje er registrert friluftsliv i området. Utbygging her vil punktere eit naturområde, noko som er uheldig for både naturverdiar og friluftslivinteresser. Vi rår kommunen til å ta området ut av plana.



## Vassdrag

I vår fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet anbefalte vi at kommunen sett ei byggegrense mot vassdrag. I planforslaget er det sett ei byggegrense på 20 meter. Det går derimot ikkje fram kva vurderingar som ligg bak byggegrensa. 20 meter kan vere knapt for å ta vare på naturverdiar og friluftsliv. Dette gjeld særleg større vassdrag. Kommunen bør vurdere ei differensiering av byggegrense basert på ulike kvalitetar knytt til vassdraga.

Større vassdrag må visast i plankartet med føremål bruk og vern av sjø og vassdrag, og det må knyttast føresegnar til føremålet som sikrar allmenne interesser og kantvegetasjon.

Vi viser til følgande formulering i føresegn 2.1.6:

«*Tilrettelegging for friluftsliv og ålmenta sin tilgang, til dømes tursti, fiskeplass, enkel gapahuk og liknande, er unntatt byggegrensa, forutsett at tiltaket ikkje i vesentleg grad forringar kantvegetasjonen*». Vi ber om at denne formuleringa blir tatt ut. Vi minner om at desse tiltaka er søknadspliktig, og krev at det blir gitt dispensasjon frå LNF føremålet.

Vi fremmer **motsegn** inntil det er gjort ei utgreiing av byggegrense mot vassdrag og større elvar er vist i plankartet og tilknytt føresegnar, jamfør rundskriv T-2/16 punkt 3.11.

## Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er ikkje laga ein eigen ROS-analyse for kommuneplanen sin arealdel. I staden er kommunen sin heilskaplege ROS-analyse lagt ved oversendinga, og vi ser denne mellom anna er nytta som kunnskapsgrunnlag i planomtalen og KU. Krav om heilskapleg ROS-analyse er heimla i sivilbeskyttelseslova, medan krav om ROS-analyse for utbyggingsplanar er heimla i plan- og bygningslova. Dei to analysane skal oppfylle ulike krav og har ulike føremål. Dette er òg ein av grunnane til at DSB har laga [retteiar for samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#) og [retteiar for heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse](#).

Heilskapleg ROS-analyse kan nyttast som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med ROS-analyse for kommuneplanen sin arealdel, men heilskapleg ROS-analyse erstattar ikkje ROS-analysen som skal ligge til grunn for kommuneplanen. Vi ser likevel at den heilskaplege ROS-analysen til kommunen er gjennomført på ein måte som i stor grad samsvarar med krav stilt til ROS-analysar for arealplanlegginga. Vidare ser vi at planomtalen har eit eige kapittel som omhandlar samfunnstryggleik, og som skildrar risiko og sårbarheit som er aktuell for arealplanlegginga. Samfunnstryggleik er vidare vurdert i KU for kvart utbyggingsareal.

Heilskapleg ROS-analyse er datert desember 2022, og når vi les gjennom analysen ser den i all hovudsak ut til å vere oppdatert. Nokre tilvisingar i analysen er likevel utdaterte. Til dømes viser analysen, og planomtalen, til ein retteiar for tryggleik mot kvikkleireskred frå 2014, medan sist oppdaterte retteiar er frå 2019. Vi ser òg at analysen viser til eit utdatert aktsemdskart for flaum. Det ser heller ikkje ut som kjeldene det vert referert til på side 28 er oppdatert i tråd med innhaldet i analysen. Vidare lurar vi på om vedlegga er oppdaterte. Dette ettersom det står analysen at karta i vedlegget ikkje er oppdatert ved revideringa.

Det er viktig at kommunen nyttar oppdatert kunnskapsgrunnlag i arbeidet med samfunnstryggleik i arealplanlegginga. Vi forventar ikkje at kommunen oppdaterer sin heilskaplege ROS-analyse i samband med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, men kommunen må sikre at ROS-vurderingane i planomtalen under *samfunnstryggleik* og KU nyttar oppdatert kunnskapsgrunnlag.



Samla sett er vi usikre på om analysen tek omsyn til ny/oppdatert kunnskap om risiko og sårbarheit for planområdet. Denne uvissa vert styrka når vi ser at plankartet manglar relevante omsynssoner for naturfare.

ROS-analysen er her **mangelfull**. Kommunen må dokumentere at analysen tek omsyn til oppdatert kunnskap om risiko og sårbarheit for planområdet.

Vi ser planføresegnene set krav til fleire aktsemdsområde som vi ikkje finn igjen i plankartet. Dette inkluderer mellom anna jord- og flaumskredfare (H310\_4), flaum (H320\_2), områdeskred (H310\_2), og storulukke (H390). Det kan sjå ut som områdeskred er vist med anna kartkode i plankartet (H310\_4) enn i planføresegnene (H310\_2). Samtidig ser det ut som det er område i plankartet med potensiell fare for områdeskred av kvikkleire utan at området er dekkja av ein omsynssone.

Kommunen må sikre at relevante aktsemdsområde er teke med i plankartet som omsynssoner. Kommunen må vidare gå gjennom bruken av kartkote og sikre samsvar mellom plankart og planføresegner. Kommunen må òg sikre at omsynssone for områdeskred av kvikkleire dekker heile kommunen der det er potensiell fare for områdeskred innanfor planområdet.

Planområdet ligg potensielt utsett til for farane som kjem fram av planføresegnene (jord- og flaumskred, flaum, og områdeskred). Unntaket er fare frå storulukkeverksemder. Ut frå vedlagt kart i heilskapleg ROS-analyse ligg det ikkje storulukkeverksemder innanfor planområdet. Dersom denne faren ikkje eksisterer innanfor planområdet, må planføresegna fjernast slik at den ikkje gjev misvisande informasjon.

Planføresegnene set krav til tryggleik mot kartlagt 5000-årsskred (H310\_5000), men når vi les plankartet kan vi ikkje finne igjen denne kartkoden. Vi finn kartkoden for 100- og 1000-årsskredet. Vi lurar derfor på om plankartet syner 5000-årsskredet. Om 5000-årsskredet ikkje er teikna inn i plankartet, må dette gjerast.

Planomtalen skildrar naturrisiko som spesielt relevant i arealplanlegginga av kommunen innanfor samfunnstryggleik. I denne samanheng vil vi gjere merksam på at NVE i sommar publiserte nye aktsemdskart for snøskred. Dei nye aktsemdskartet for snøskred erstattar NGI sine aktsemdskart for snø- og steinscred. Dette betyr at det er aktsemdskart for snøskred, aktsemdskart for steinsprang og aktsemdskart for jord- og flaumskred som skal nyttast i arealplanlegginga. [NVE har laga eit webinar](#) om dei nye aktsemdskarta, og korleis dei skal nyttast i arealplanlegginga. [Vi rår sterkt til at kommunen nyttar dei nye aktsemdskarta for snøskred i kommuneplanen sin arealdel.](#) Kommunen bør derfor fjerne aktsemdskart for snø- og steinscred (NGI) som omsynssone i plankartet, og erstatte kartet med nytt aktsemdskartet for snøskred saman med aktsemdskart for steinsprang. Ettersom aktsemdskartet på høyringstidspunktet ikkje er tilgjengeleg for nedlasting, inngår ikkje denne delen i motsegngrunnlaget.

ROS-analysen, og oppfølging av funn i ROS-analysen, er her **mangelfull**. Plankartet må oppdaterast med aktuelle omsynssoner (jord- og flaumskred, flaum, områdeskred og rett kartkode for områdeskred av kvikkleire). Tilsvarande må plankartet oppdaterast med 5000-årsskredet dersom dette ikkje er teikna inn. Vi forventar at kommunen nyttar NVE sitt nye aktsemdskart for snøskred dersom dette vert gjort tilgjengeleg for kommunen innan neste høyring.

ROS-analysen og plankartet må oppdaterast og inkludere relevante omsynssoner. Etter at ny kunnskap og relevante omsynssoner er på plass må kommunen gå gjennom KU på nytt, og mellom anna vurdere om omsynssonene får konsekvensar for vurderingane under samfunnstryggleik i KU.



Når kommunen vurderer ynskja utbygging er det ikkje tilstrekkeleg å berre sjå på utbyggingsområdet isolert frå omgjevnadane. Til dømes kan eit område ligge utsett til for områdekred av kvikkleire dersom det ligg *nedanfor* område med mogleg marin leire. Tilsvarande kan tiltak i eitt utbyggingsområde få konsekvensar for andre utbyggingsområde i kommunen (både eksisterande og nye). Til dømes kan utbygging/fortetting i eitt område endre flaum eller overvassfaren for andre utbyggingsområde. Dette er truleg ikkje tilhøve som er fanga opp i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse, og vert derfor viktig å sikre gjennom ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel. Det må derfor kome fram av ROS-analysen/KU at analysen òg tek omsyn til moglege konsekvensar av ynskja utbygging utanfor utbyggingsområdet.

Vi minner om at reell fare skal avklarast seinast på siste plannivå. I dei tilfelle der kommuneplanen sin arealdel er siste plannivå må reell fare avklarast allereie no. Planføresegnene § 2.1.1 skildrar nokre tiltak som ikkje krev reguleringsplan. Ei føresetning for å sleppe reguleringsplan må vidare vere at tiltaket ikkje er planlagt i område med potensiell fare. Kommunen kan heller ikkje opne opp for frådelling i område med potensiell fare, jf. § 5, 12) i planføresegnene. ROS-analysen er her **mangelfull**. Kommunen må sikre at reell fare vert avklart seinast på siste plannivå.

Statsforvaltaren har **motsegn** til ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko- og sårbarheit i ROS-analysen, jf. pbl. § 4-3. Vi viser til våre merknadar over.

Under samfunnstryggleikskapittelet i planomtalen er mellom anna faren for stormflod i kommunen vurdert. I plankartet visast faresone (H320\_3) for 1000-årsstormflod, inkludert havnivåstiging. Til faresona er det knytt føresegn som skildrar faren og krav for eventuelle tiltak innanfor sona. Slik vi les føresegna og planomtalen tek ikkje faresona høgde for lokale vind- og bølgefjorhold. Faresona er soleis potensielt misvisande ettersom reell stormflodfare kan nå høgare kote enn faresona på kote 2,7 når ein inkluderer lokale vind- og bølgefjorhold.

Planføresegn § 2.1.6 set krav til tryggleik for bygg mot sjø som skal sikre tiltaka mot både stormflodfare og flodbølgefjore. Vi ser mellom anna at krav til minstekote for F1/S1- og F2/S2-tiltak i planføresegna gjev ein margin som kan ta høgde for lokale vind- og bølgefjorhold. Dersom kommunen meiner denne marginen er tilstrekkeleg for å ta høgde for lokale vind- og bølgefjorhold, er vårt råd at kommunen fjernar omsynssona for stormflod (som ein risikerer er misvisande), og heller nyttar generelle føresegner tilsvarande som planføresegn § 2.1.6 for å sikre tryggleik mot stormflod. Eventuelt bør omsynssona for stormflod utvidast slik at den omfattar alt areal med potensiell fare for stormflod, inkludert havnivåstiging og bølgefjorepåverknad. Vi ser dette kan vere vanskeleg på kommuneplannivå der vind- og bølgefjorepåverknad kan variere innanfor planområdet.

Delar av Sykkylven kommune er utsett for 1000- og 5000-årsflodbølgefjore som følgje av fjellskred frå Åkneset. Vi kan ikkje sjå av planføresegn med kartkote H310\_5 om omsynssona for flodbølgefjore dekker 1000-årsflodbølgefjore eller 5000-årsflodbølgefjore. Dette må kome fram av føresegna, og vi rår til at omsynssona dekker 5000-årsflodbølgefjore.

Vi gjer merksam på at dersom oppdatert ROS-analyse avdekkar nye/andre risiko- og sårbarheitsforhold må desse følgjast opp gjennom planen. Dersom dette ikkje vert gjort har Statsforvaltaren grunnlag for å fremje nye motsegner til planen.



## **Støy**

Det er lagt inn omsynssoner for støy langs fylkesvegane. Vi rår til at det også leggst omsynssoner for støyande verksemd som masseuttak og eventuelle areal for motorsport eller skytebanar.

## **BU1**

Ein liten del ligg i raud støysone medan resterande areal ligg i gul støysone.

Vi vurderer at arealet er lita eigna for støyfølsamt bruksføremål og rår kommunen til å ta området ut av plana.

## **Konklusjon**

NVE og Statsforvaltaren har motsegn til planen. Motsegnpunkta er lista opp i starten av brevet.

Dersom noko er uklart ber vi om at ein tek direkte kontakt med saksbehandlarane.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f)  
fung. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik  
plansamordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

## **Fagsaksbehandlar**

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Vedlegg: NVE sitt brev

---

**Emne:** Kommuneplanens arealdel - krav til vass- og avløpsanlegg bygd ut av private  
**Til:** Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>, Odd Jostein Drotninghaug <odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no>  
**Sendt:** 06.06.2024 11:55:21  
**Fra:** Ivar Selsbakk <ivar@sykkylven-energi.no>

**[ADVARSEL]** Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei

Er kommuneplanens arealdel til rullering no?

Vi har eit punkt som vi ønsker vert innarbeidd. Det går på VA norm / Norsk Vannstandard som vi ønsker skal vere gjeldande for Sykkylven kommune.

Vedlagt ligg ei mogleg formulering som kan takast inn i arealdelen til kommuneplanen alternativt i kommunedelplan for vatn og avløp. Bruk av arealplanen er beste løysing.

Alt 1- Nynorsk

***Norsk Vannstandard, VA-norm eller andre bestemmelsar, som gjeld på tidspunktet for søknad om ramme- eller eit trinnsløyve, skal leggest til grunn for opparbeiding av vass- og avløpsløysingar.***

***Kommunen kan gjere unntak frå krava i Norsk Vannstandard, VA-norm eller andre bestemmelsar ved behandling av søknad om byggeløyve.***

Med helsing



---

**Ivar Selsbakk**  
Avdelingsleiar Vatn/Avløp

**T:** [934 97 466](tel:93497466)  
**E:** [ivar@sykkylven-energi.no](mailto:ivar@sykkylven-energi.no)  
**W:** [sykkylven-energi.no](http://sykkylven-energi.no)